

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 86/2018**

2020/EØS/66/10

av 27. april 2018

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/134 av 24. januar 2018 om endring av vedtak 2008/911/EF om fastsetjing av ei liste over plantestoff, plantepreparat og kombinasjonar av desse til bruk i tradisjonelle plantelækjemiddel<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg II kapittel XIII nr. 15zl (kommisjonsvedtak 2008/911/EF), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32018 D 0134:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/134 av 24. januar 2018 (EUT L 22 av 26.1.2018, s. 41).”

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/134 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. april 2018, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 27. april 2018.

For EØS-komiteen

**Claude Maerten**

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 22 av 26.1.2018, s. 41.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.